

Til

Hjelmeland kommune

13.05. 2025

Uttale frå Jøsneset bygdaråd til – organisering pleie og omsorg

Me viser til saka som nå skal opp i Formannskap og Kommunestyre om framtidig organisering av pleie- og omsorgstenester. Dersom dette skal samlast på ein stad , meiner me at den **mest naturlege staden er på Hjelmeland**. Vår grunngjeving:

- Hjelmeland er kommunesenteret vårt.
- Hjelmeland ligg mest sentralt ift dei ulike grendene, noko som gjer tenestane like tilgjengelege for utkantane.
- Smart å samlokalisere omsorgstenestane med andre helsetenestar som lege, ambulanse, helsestasjon, tannlege og fysioterapi, som allereie er på Hjelmeland
- Større fagmiljø, som igjen kan slå positivt ut ift rekruttering (òg nordfrå).
- Tidsparande for helsetilsette, spreining i hjelpetilbod og betre helseberedskap,.
- Sentrumsutvikling : Hjelmeland sentrum er ein naturleg plass å oppsøke i samband med andre ærend som helsehus, skule, idrett, kommunetenester i Vågen, biblioteket, bank, kulturarrangement osv. Jo fleire funksjonar, jo trivelegare sentrum

Med vennleg helsing

JØSNESET BYGDARÅD

v leiar Oddvar Skiftun og
sekretær Svanhild H Gbada.